

MØTEBOK HALLINGTINGET

TID: 24 – 25.oktober 2013
STAD: Golsfjellet, Kamben Høyfjellshotell



**REGIONRÅDET
FOR HALLINGDAL**

Desse møtte på Hallingtinget :

Tony Arild Kjøl, Hol kommune Ingjerd Almås Anfinset, Hol kommune Erik Kaupang, Hol kommune Halvard Lilleslett, Hol kommune Solveig Håtveit Markegård, Hol kommune	Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune Helene Sagabråten, Hemsedal kommune Jan Egil Halbjørhus, Hemsedal kommune Håvard Venås, Hemsedal kommune
Ivar Brevik, Ål kommune Torhild Helling Bergaplass, Ål kommune Solveig Vestenfor, Ål kommune Ove Bråten, Ål kommune (dag 2)	Tor Magnussen, Nes kommune Kjell Ålien, Nes kommune Hildegunn Mikkelsplass, Nes kommune Endre Storhaug, Nes kommune
Halvor Lilleslett, Gol kommune Hanne Brunborg, Gol kommune Tom Rune Skr. Blakkestad, Gol kommune Ludvig Munkejord, Gol kommune Jon Andreas Hefte, Gol kommune	Tor Egil Buøen, Flå kommune Ole Johnny Stavn, Flå kommune Kristin Gullingsrud, Flå kommune Stian Bakken, Flå kommune Karsten Ekern, Flå kommune

Av rådmennene møtte: Tone Tveito Eidnes, Ål kommune, Hege Mørk, Gol kommune, Sveinung Halbjørhus, Hemsedal kommune, Ole Jørgen Hallingstad, Nes kommune, Odd Egil Stavn, Flå kommune.

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar og Ulrikke Ytteborg som prosjektleiar Hallingdal 2020.

Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontaktane Anne Sandum og regionkontakt Tore Gilhuus.

24.oktober 2013

SAK 11-13 EVENTUELT

Felles løft for Tidleg innsats i Hallingdal, presentasjon

Som eit punkt under eventuelt presenterte Eldgrim Springgard og Wenche E. Olsen prosjektet "Felles løft for tidlig innsats i Hallingdal". Prosjektet tek for seg språkutvikling og sosial læring i alle barnehagar og skular i Hallingdal. Prosjektet starta i 2011 og skal avsluttast i 2015. Vedlagt eigen presentasjon.

SAK 07-13 FOLKEHELSE

Fyrste dagen var i stor grad via folkehelse.

Samhandlingsreforma legg stor vekt på folkehelse og førebyggjande arbeid. Gjennom den interkommunale satsinga, Hallingdal lokalmedisinske tenester, skal det undersøkjast kva som kan gjerast i fellesskap for å styrke den langsiktige folkehelsa i Hallingdal.



Programmet var meint som ein inspirasjon i dette arbeidet, samstundes som det vart presentert dokumenterte positive effektar av folkehelsearbeid, også på kort sikt.

Kvifor folkehelse no?

Introduksjon til temaet v/ Ellen Wibe – prosjektleiar HLT

Fysisk aktivitet og læring (vedlagt presentasjon)

Innlegg ved førsteamanuensis Geir Kåre Resaland, frå Høgskulen i Sogn og Fjordane, forskar på samanhengen mellom fysisk aktivitet og læring i skula. Han har følgd Trudvang skule i Sogndal i 10 år, der fysisk aktivitet og læring er integrert.

Idrett og folkehelse (vedlagt presentasjon)

Øyvind Thorsen, idrettskonsulent i Buskerud Idrettskrets, heldt innlegg om korleis idretten kan bidra inn i folkehelsearbeidet - også i Hallingdal.

Felles prosjekt i Hallingdal

På fredag var det gruppearbeid med hovudutfordring; Korleis kan kommunane i Hallingdal jobbe saman om eitt felles folkehelseprosjekt rette mot barn? Resultata blir teke med i det vidare arbeidet med Hallingdal lokalmedisinske tenester og folkehelse.

25.oktober 2013

SAK 08-13, ORIENTERING OM ARBEIDET I REGIONRÅDET

Dagleg leiar Knut Arne Gurigard orienterte om pågåande arbeid i Regionrådet, presentasjon vedlagt.

SAK 09-13 HALLINGDAL 2020

Prosjektleiar Ulrikke Ytteborg orienterte om arbeidet med Hallingdal 2020, vedlagt presentasjon.

SAK 10-13 ØKONOMIPLAN 2014 – 2017 OG ÅRSBUDSJETT 2014

Vedtak

1. Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek forslag til driftsbudsjettet for 2014, med ei kommunal finansiering på kr. 1.600.000.
2. Til gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal, rår Hallingtinget at det blir løyvd kr. 700.000 for 2014, frå kommunane i Hallingdal.
3. Hallingtinget vedtek forslag til økonomiplan 2014 – 2017. Innanfor fastsatt økonomisk ramme, får Regionrådet for Hallingdal fullmakt til å vedta handlingsprogram til Strategisk plan for Hallingdal for 2013.
4. Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond minimum skal vera kr.1.000.000 ved starten av året.
5. Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 500.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettet. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjetthandsaminga.
6. Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan det nyttast kr. 500.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.

SAK 11-13 EVENTUELT

Orientering Hallingdal Barnevernteneste

Rådmann i Ål kommune, Tone Tveito Eidnes, orienterte om Hallingdal Barnevernteneste, vedlagt presentasjon.

Avtale intermediære sengeplassar

Forslag til avtale om oppretting og drift av intermediære sengeplassar ved Hallingdal sjukestugu , Hallingdal Lokalmedisinske tenester, vart drøfta.


I forhold til pkt.8 Varighet og oppseiing, kom det fram konkret forslag til endring av oppseiingstid for den einssilde kommune, frå 1 år til 3 år.

Ei lengre oppseiingstid vil gje større forutsigbarheit for alle dei andre kommunane som blir att i samarbeidet.

Forslag om oppseiingstid på 3 år vil bli teke inn i endeleg forslag til avtale, som rådmannsutvalet utarbeidar og sender over til kommunane for handsaming.

Ål 10.11.2013

Rett utskrift



Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

Vedlegg:

- Sak 07-13; Folkehelse
 - Geir Kåre Resaland, Høgskulen i Sogn og Fjordane
 - Øyvind Thorsen, idrettskonsulent i Buskerud Idrettskrets
- Sak 08-13; Knut Arne Gurigard, Orientering om arbeidet i Regionrådet
- Sak 09-13; Ulrikke Ytteborg, presentasjon Hallingdal 2020
- Sak 11-13; Eldgrim Springgard og Wenche E. Olsen ; presentasjon Felles løft for Tidleg innsats i Hallingdal
- Sak 11-13; Tone Tveito Eidnes, Orientering Hallingdal Barnevernteneste